



Radøy Idrettslag

Slettevegen 815, 5939 Sletta

Sletta 26.september 2018

Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936 Manger

Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning – Radøy Idrettslag

Anlegg: Garderobebygg Austmarka

Anleggsnummer: 73562

Anlegget har plass nummer 6 i Radøy kommune sin Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø

Eigartilhøve: Radøy Idrettslag har leigeavtale med Radøy kommune, jfr vedtak i Radøy formannskap 31.mai 2011, sak 49/11

Situasjonsplan: G.nr. 77, b.nr. 38 Austmarka, jfr vedlagt situasjonsplan

Trong for garderobe i tilknytning til kunstgrasbana

Radøy Idrettslag (RIL) leigar anlegget til Radøy/Manger Fotballklubb, som har driftsansvar for bana.

Garderobetilbodet er i dag på Sæbø skule, noko som ikkje er ei god løysing for brukarane av bana.

Nytt garderobebygg ved bana gjer at me får eit fullgodt anlegg som kan nyttast uavhengig av tilgang til Sæbø skule sine garderobar.

Kunstgrasbana i Austmarka er mykje brukt både til trening og kampar, og garderobebygget vil gje eit klart betre tilbod og truleg auka aktiviteten på anlegget.

Situasjonsplanen (vedlagt) syne plasseringa av bygget.

Universell utforming er teken omsyn til ved teikning av bygget, jfr vedlagte teikningar.

Kostnadsoverslag

Kostnad garderobebygg: **kr. 5 027 230,-** . Vedlagt

Dette er bygd på innhenta tilbod på dei ymse arbeida.

Finansiering

Av finansieringa er kr 1 852 000,- eigenkapital. Trond Mohn har sagt seg villig til å medverka til realisering av anlegget, herunder forskottering av spelamidlar. Dugnadsinnsatsen er sett til kr. 452 000,-.

Totalt: kr. 4 900 605,-. Vedlagt

Drifta av anlegget vil i hovudsak verta dugnad, aktuelle tilskot til drift av anlegg og egne midlar. Radøy/ Manger Fotballklubb vil leiga anlegget av Radøy Idrettslag.

Med von om snarleg og positiv handsaming

Olav Steinar Namtvedt

Styreleiar RIL

Vedlegg:

- Situasjonsplan gnr. 77, bnr. 38, Austmarka
- Teikningar, grunnflate/fasadar og terrengprofilar
- Kostnadsoverslag
- Finansiering